
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 19. juli 2016 14:13
Til: 'nfeldskou@gmail.com'
Emne: Vedr. spørsmål om oppstart av B&B og kafè

Hei

Viser til e-post med spørsmål i samband med oppstart av B&B og kafè.

Eigedomen dykkar er satt av til landbruk-, natur- og friluftformål (LNF-formål) i kommuneplanens arealdel, og er bebygd med ein bustad. Dette inneber at viss ein skal drive næringsverksemd i form av B&B og/eller kafè, må det søkjast om bruksendring etter plan- og bygningslova. Ei bruksendring vil krevje ein dispensasjon frå LNF-formålet. Ein slik søknad må sendast til kommunen av eit ansvarleg føretak.

Viss kjellaren skal innreia må det også søkjast om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel for dette.

Det er vanskeleg å svare meir konkret enn dette på noverande tidspunkt, men om de ønskjer det kan vi setje opp ein time for rettleiing i august. Send meg i så fall ein e-post, så kan vi finne eit tidspunkt som passer.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

